



Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
12/75-37/N-000//KAWV

Dykkar ref.

Dato:
12.11.2012

Høyringsuttale frå Kvam herad til høyringa: Forslag til endringar i Barnevernloven

Kvam heradsstyre har i sitt møte 06.11.2012 vedteke følgjande høyringsuttale:

1. Kvam herad går inn for at kommunen får auka ansvar for tiltak under føresetnad av auka overføringar frå det statlege barnevernet så vel til administrasjon som til utøvande tiltak.
2. Det statlege barnevernet må oppretthalda sitt ansvar for institusjonstilbodet og eigenandelen må vera tilsvarande som i dag. Refusjonsordninga kan avviklast og midlane kan overførast frå BUF – etat til kommunen.
3. Kvam herad ser ikkje at ein forskriftsheimel for det statlege barnevernet til å påleggja kommunane ein anna type utgreiing av barna bidrar til betre samhandling mellom kommunalt og statleg barnevern.
4. Kvam herad stiller seg bak forslaget om eit overordna forsvarlegheitskrav for tenesta, og dette krev høg fagleg kompetanse i barnvernet. Det må øyremerkast midlar til kompetanseheving i kommunale barnevern.
5. Kvam herad stiller seg bak kravet om at barn i større grad får lovfesta rett til medverknad i heile sakshandsamingsprosessen.
6. Kvam herad stiller seg bak forslaget om at barn som er under barnevernet si omsorg sjølv skal få velja ut ein støtteperson som barnet har tillit til.
7. Kvam herad går inn for at tilsyn skal profesjonaliserast og utvidas. Meirarbeid og auka utgifter for kommunane må kompensast gjennom auka overføringar frå staten.

Med helsing

Kari Weltzien Vik
Politisk sekretær
Kvam herad